

Innkalling

Utval: **Giske kontrollutval**

Møtestad: Giske rådhus

Dato: 18.09.2025

Tidspunkt: 13:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@skisks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærmere beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

- | | |
|----------|---|
| PS 19/25 | Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte |
| PS 20/25 | Oppfølging av vedtak - undersøking av byggesaksforvaltninga |
| PS 21/25 | Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 -
personalressursforvaltning helse og omsorg |
| PS 22/25 | Rapport forenkla etterlevingskontroll 2024 - vidareutlån |
| PS 23/25 | Revisjons- og kommunikasjonsplan årsrekneskap 2025 |
| PS 24/25 | Kontrollutvalet sin uttale til revisjon av reglement for folkevalde
organ 2025 |
| PS 25/25 | Førespurnad - klage på sakshandsaming av avslag ferdigattest |
| PS 26/25 | Budsjettramme kontollarbeidet 2026 |
| PS 27/25 | Meldingar og skriv |
| MS 12/25 | Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn |
| MS 13/25 | Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalsleiarar
Møre og Romsdal |
| MS 14/25 | Eigarmøter i selskap |

Ålesund, 11.09.2025

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 19/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Giske kontrollutval - 08.05.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 20/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Oppfølging av vedtak - undersøking av byggesaksforvaltninga Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet takkar for den framlagte framdriftsplanen frå kommunedirektøren, og merkar seg lærings- og forbeteringprosessane som skal arbeidast med vinteren 2025/2026. Kontrollutvalet ber difor om å få ei skrifteleg tilbakemelding på gjennomføring av framdriftsplanen, innan 1. mars 2026.

Bakgrunnsinformasjon:

I kommunestyret sitt møte 15.05.2025 vart det i tråd med kontrollutvalet si tilråding fatta vedtak i sak om rapport undersøking av byggesaksforvaltninga i Giske kommune.

1. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å merke seg dei utfordringane som rapporten peikar på, og nytte dei til forbeting og læring i organisasjonen
2. Kommunestyret bed om at kommunedirektøren innan 15.08.2025 sender kontrollutvalet ein framdriftsplan som viser korleis kommunedirektøren vil arbeide vidare med:
 - a. handtering av restansane innan byggesak
 - b. å foreslå tiltak for å behalde og utvikle kompetanse
 - c. å få på plass Kostra-rapportering og andre kontrollrutiner innan byggesak
 - d. andre utfordringar rapporten peikar på

Vurdering:

Kontrollutvalet mottok kommunedirektøren sin framdriftsplan 28.08.2028. Det var etter avtale med sekretariatet, då den opprinnlege fristen vart litt tett inn på ferieavviklinga. Ein slik utvida frist påverka ikkje kontrollutvalet si handsaming vidare.

Notatet er utarbeida av einingsleiar på teknisk, på vegne av kommunedirektøren.

Det som går igjen i notatet er at det skal arbeidast med det meste gjennom hausten og

vinteren 2025/2026.

Dei mest konkrete tiltaka det blir vist til er internopplæring knytt til handtering av restansar, kontakt med andre kommuner/systemutviklar for å betre Kostra-rapportering, og oppnemning av ei arbeidsgruppe for vidareutvikling av system, skriftelege rutiner og prosedyrer.

Å arbeide med informasjonsflyt og dialog er viktig, men er kanskje lite konkret i forhold til arbeidet med forbetring og læring. Det er ingen tvil om at viljen til læring og forbetring er der, men funna i undersøkinga viser at det nok er meir å gå på når det kjem til etterleving av system og rutiner.

Einingsleiar viser til ynskje om forbetring av lønsprofil, fagleg oppdatering og behov for fleire ressursar. Det kjem ikkje fram om dette er realistisk tiltak som kan gjennomførast.

Sekretariatet si vurdering er at framdriftsplanen til dels svarar ut kommunestyret sitt vedtak, men at den er noko vag på enkelte punkt. Det vert lagt stor vekt på at mange av tiltaka skal det arbeidast med gjennom komande haust og vinter. Derfor vil sekretariatet råde kontrollutvalet til å be om ei ny orientering frå kommunedirektøren tidleg på våren 2026, før ein reknar oppfølginga av undersøkinga som avslutta.

Vedlegg

Kommunedirektøren si oppfølging etter undersøking av byggesaksforvaltning

Vedtak kommunestyret - Rapport frå undersøking av byggesaksforvaltninga

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 21/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 - personalressursforvaltning helse og omsorg Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Rapporten frå forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning innan helse og omsorg i Giske kommune vert sendt til kommunestyret med følgjande tilråding frå kontrollutvalet:

Kommunestyret bed kommandirektøren om å arbeide vidare med:

- 1. Styrke evalueringa av strategiar og tiltak for rekruttering*
- 2. Vidareføre og ferdigstille arbeid med GLUP-verktøyet (GLUP er ein digital læringsplattform for offentleg sektor)*
- 3. Vidareføre og ferdigstille arbeid med seniorpolitikken*
- 4. Einingar bør gå gjennom sine oppgåver for å sikre best bruk av bemanningsressursane*

Kommunestyret bed kommandirektøren om å gje ei skrifteleg orientering til kontrollutvalet innan 1. februar 2026, der det kjem fram korleis tilrådingane er arbeidd vidare med.

Bakgrunnsinformasjon:

Forvaltningsrevisjon er eit av dei verktøya som kommunestyret ved kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogeleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

Å sørge for at forvaltningsrevisjonar vert gjennomførte er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom ein forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Giske kontrollutval bestilte frå revisjonen ein prosjektplan på personalressursforvaltning, i tråd med den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon. Denne vart lagt fram for og drøfta med kontrollutvalet 20.03.2025. Kontrollutvalet gav sine innspel til revisor slik at dei vart tatt med inn i arbeidet med forvaltningsrevisjonen.

Formålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke korleis Giske kommune sikrar effektiv rekruttering, naudsynt kompetanse og tilstrekkeleg bemanning innan helse og omsorg.

Problemstillingane som kontrollutvalet godkjente når prosjektplanen vart vedteken er:

1. *Korleis arbeider Giske kommune med rekruttering innan helse og omsorgssektoren?*
2. *Korleis arbeider Giske kommune med kompetanse innan helse og omsorgssektoren?*
3. *Korleis arbeider Giske kommune med bemanningsutfordringar?*

I tillegg undersøke korleis kommunen jobbar med omstilling og oppgavevridning for å kunne møte eventuelle utfordringar i framtida innan helse- og omsorgstenesta. Under dei nemnte problemstillingane kartlegge korleis partssamarbeidet fungerer i kommunen.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA har oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Einar Andersen og forvaltningsrevisor Ola Andersen Godø utført revisjonen.

Vurdering:

Møre og Romsdal Revisjon SA har levert ein rapport innan dei fristar som var avtalt, og ressursbruken er godt innanfor den gitte ramma.

I rapporten kjem det greit fram kva metode som er nytta og korleis revisor har gjennomført forvaltningsrevisjonen.

Kommunedirektøren har fått rapporten både til faktasjekk og til høyring.

Kommunedirektøren hadde ingen merknader til den endelege rapporten.

Sekretariatet si viktigaste oppgåve når rapporten ligg føre, er å vurdere om rapporten svarar ut kontrollutvalet si bestilling, altså den vedtekne prosjektplanen.

Denne rapporten svarar ut dei tre spørsmåla kontrollutvalet og revisor var samde om under problemstillingar i prosjektplanen.

I tillegg var det tatt med under problemstillingar, eit avsnitt om omstilling, oppgåvevridning og partssamarbeid.

Etter sekretariatet si vurdering kjem det ikkje tydeleg nok fram av rapporten kva som er forvaltningsrevisor si vurdering og konklusjon etter å ha undersøkt korleis kommunen jobbar med omstilling og oppgavevridning for å kunne møte eventuelle utfordringar i framtida innan helse- og omsorgstenesta. Sidan dette var ein del av bestillinga så ville det styrka rapporten om revisor hadde sagt noko om dette i sitt samandrag.

Når det gjeld partsamarbeidet, så har tillitsvalde/verneombod deltatt i ei spørjeundersøking. Spørsmåla som var nytta i spørjeundersøkinga ligg ved i rapporten. Sjølvle partsamarbeidet er ikkje direkte tema der, men dei blir spurt om si oppleving av å få delta i nærværarbeidet og rekrutteringsarbeidet (Spørsmål 8 og 10). Sidan dette var ein del av problemstillinga i

planen, ville det styrka rapporten om revisor si vurdering og konklusjon av korleis partsamarbeidet fungerer innan helse og omsorg i Giske kommune, kom tydelegare fram.

Kontrollutvalet bør kanskje spørje revisor om dette i møtet. Det er opp til kontrollutvalet å vurdere om de er nøgde med rapporten slik den no ligg føre, eller om de ynskjer at det kjem tydelegare fram i rapporten kva som er revisor si vurdering og konklusjon av korleis kommunen arbeider med omstilling og oppgåvevriding, og korleis partsamarbeidet fungerer.

Om kontrollutvalet vurderer at delar av problemstillinga ikkje er svart ut tydeleg nok, så kan utvalet be revisjonen om sjå nærare på dette. Og kome attende med ein revidert rapport til neste møte.

Det er viktig at kontrollutvalet opplever at det de ønska å få svar på og bestilte gjennom prosjektplanen, er svara ut.

Når det kjem til kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret, så har revisor har gjeve sine konklusjonar og tilrådingar på dei tre konkrete spørsmåla i problemstillingane. Sekretariatet vil råde kontrollutvalet til å nytte revisor sine råd til forbetring i si tilråding til kommunestyret.

1. Styrke evalueringa av strategiar og tiltak for rekruttering
2. Vidareføre og ferdigstille arbeid med GLUP-verktøyet (GLUP er ein digital læringsplattform for offentleg sektor)
3. Vidareføre og ferdigstille arbeid med seniorpolitikken
4. Einingar bør gå gjennom sine oppgåver for å sikre best bruk av bemanningsressursane

Alternativ vedtak i dette møtet kan vere at kontrollutvalet bed revisor om å levere ein revidert rapport seinast to veker før neste møte i kontrollutvalet. Den rapporten må ha med revisor si vurdering og konklusjon av korleis kommunen arbeider med omstilling og oppgåvevriding for å kunne møte eventuelle utfordringar i framtida innan helse- og omsorgstenesta. Og ei vurdering og konklusjon av korleis partssamarbeidet i kommunen fungerer.

Kontrollutvalet skal med heimel i kommunelova § 23-5 og kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 4 rapportere til kommunestyret om gjennomført forvaltningsrevisjon og resultatet av denne. Departementet legg til grunn at slik rapportering skal skje utan ugrunna opphald.

Når kontrollutvalet har gjort si endelige behandling av rapporten, så vert den saman med kontrollutvalet si saksutgreiing, behandling og vedtak med tilråding, sendt over til administrasjonen med ei forventning om at den vert handsama som eiga sak i førstkomande kommunestyremøte.

Leiar og/eller revisor kan gjerne presentere rapporten for kommunestyret, etter nærare avtale med ordførar. Revisor har møteplikt i kommunestyret når slike rapportar skal handsamast.

Vedlegg

Rapport forvaltningsrevisjon personalressursforvaltning

Prosjektplan Personalressursforvaltning



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 22/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Rapport forenkla etterlevingskontroll 2024 - vidareutlån Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll 2024 med vidareutlån - startlån i Giske kommune, til vitande.

Revisor uttaler at basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er ikkje revisor blitt merksame på noko som gir grunn til å tru at Giske kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd dei nemnte kriterier for startlån i samsvar med forskrift om lån frå Husbanken

Bakgrunnsinformasjon:

Gjennom ein forenkla etterlevingskontroll skal revisor bidra til å sikre at kommunen følgjer reglar og vedtak for økonomiforvaltinga innan eit avgrensa område. Arbeidet skal byggje på ei vurdering av risiko og kva som er viktig, og vurderinga skal leggjast fram for kontrollutvalet.

Revisor skal innan 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen.

Revisor nyttar eit standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandarer ved utføring av forenkla etterlevingskontroll.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement i forlengelsen.

Målet med kontrollen er å bidra til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i viktige delar av økonomiforvaltinga, som ikkje alltid blir kontrollert i den finansielle revisjonen. For kontrollutvalet sin del er ansvaret avgrensa til å sjå etter at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet.

Resultatet frå ein forenkla etterlevingskontroll kan nyttast som eit grunnlag for kontrollutvalet, for å vurdere om det er behov for andre kontrollhandlingar innan

området. Kontrollen er meint å styrke grunnlaget for at kontrollutvalet kan ivareta ansvaret for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga skjer i samsvar med føresegner og vedtak.

Vurdering:

Det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast gjennom ein forenkla etterlevingskontroll. Revisor valgte for 2024 å sjå på etterleiving av reglar og vedtak innan vidareutlån - startlån.

Revisor skal planlegge og gjennomføre oppdraget for å oppnå moderat tryggleik for kor vidt det ligg føre vesentlege feil eller manglar ved etterleiving av føresegner og vedtak i kommunen si forvalting av økonomi knytt til attestasjon og tilvising. Revisor viser kontrollutvalet gjennom sin rapport korleis oppdraget er gjennomført på ein tilfredstillande måte.

Uttalen frå revisor er motteken innan fristen. Revisor har ikkje teke noko etterhald på bakgrunn av dei utførte kontrollhandlingane og gjev følgjande uttale:

Basert på de utførte handlingene og innhente bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir grunn til å tro at Giske kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd de nevnte kriterier for startlån i samsvar med forskrift om lån fra Husbanken

Møre og Romsdal Revisjon SA vil vere til stades i møtet til Giske kontrollutval og kan svare på spørsmål.

Heimelsgrunnlag:

- Kommunelova § 24-9
- RSK 301 Forenklet etterlevelseskонтroll med økonomiforvaltningen

Vedlegg

Revisor sin uttale etter etterlevingskontroll 2024 - vidareutlån

Revisor sin rapport - Forenkla etterlevingskontroll 2024

Uttale frå leiinga - etterlevingskontroll



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 23/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Revisjons- og kommunikasjonsplan årsrekneskap 2025 Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek den framlagte plan for revisjon av og kommunikasjon rundt årsrekneskap 2025, til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. For å oppfylle denne oppgåva er det avgjerande at revisor rapporterer tilstrekkeleg til kontrollutvalet om revisjonsarbeidet.

Ein god dialog og felles forståing mellom kontrollutval og revisor, er viktige føresetnader for å sikre at revisjonsarbeidet vert utført på ein forsvarleg måte.

Kontrollutvalet si oppfølging av påjå-ansvaret omfattar aktivitetar knytt til oppfølging av revisor sitt arbeid, som mellom anna:

- revisor si erklæring om uavhengigkeit
- kvalitetskontroll av revisor sitt arbeid
- avtaler mellom kontrollutval og revisor
- engasgementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonsarbeidet med risikovurderingar
- revisjonsrapportar, både interimrapportar og etterlevingskontroll
- nummererte brev frå revisor

Departementet uttaler i Kontrollutvalsboka at godt samspel mellom revisor, sekretariat, kontrollutval og administrasjon er sentralt for å leggje til rette for ein effektiv og tillitsvekkjande revisjon. Det må vere ein jamn og god dialog mellom revisjonen, sekretariatet, kontrollutvalet og administrasjonen.

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Denne planen bygger på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva vinkling denne skal ha.

Oppfølging av dei utfordringar ein såg ved årsrevisjonen sist, bør vere tatt høgde for i planen. Revisor har med i planen ei oversikt over oppfølging av den nummererte kommunikasjonen som revisor har hatt med kontrollutvalet.

Revisjonsplanen og -strategien bygger på ei vurdering av risiko- og vesentlegheit, der forhold som endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, samt tidlegare revisjonar, inngår.

Revisor vil orientere kontrollutvalet om revisjonsstrategi, plan for revisjonsarbeidet og dei risikovurderingane denne bygger på.

Vedlegg

Revisjons- og kommunikasjonsplan 2025 - Giske kommune

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av sjølvstende- Giske kommune

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 24/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Kontrollutvalet sin uttale til revisjon av reglement for folkevalde organ 2025 Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet støttar endringane og tilrår at kommunestyret vedtek reglementa med dei endringar som kjem fram av kontrollutvalet sitt saksframlegg.

Bakgrunnsinformasjon:

Giske kommunestyre vedtok i sitt møte 19.06.2025 å be kontrollutvalet gje sin tilråding til reglementsamlinga for folkevalde organ i Giske kommune.

Dette gjeld desse reglementa:

- Reglement - søknad om fritak frå politiske verv
- Politisk organisering og saksbehandling i Giske kommune 2023-2027
- Delegeringsreglement i Giske kommune

Vurdering:

Kontrollutvalsekretæren vil råde kontrollutvalet til å gje uttale primært på det i desse reglementa som rører ved kontrollutvalet og utvalet sitt mynde. Saksframlegget her tek utgangspunkt i det.

Kontrollutvalet kan ikkje kvalitetssikre reglementa mot formelle og juridiske feil, det må kommunedirektøren i så fall gjere ved hjelp av den juridiske kompetansen kommunen har.

For at de lettare skal finne endringane, er alle foreslåtte endringar lagt inn med kursiv i saksframlegget her og markert med gult i dokumenta. For det største reglementet om organisering og saksbehandling, er det eit vedlegg der forslaget til endringar er markerte i gult: Forslag til endringer markert - Politisk organisering og saksbehandling. Og eit vedlegg som er slik det vert sjåande ut om endringane vert vedtekne: Med endringer - Politisk

organisering og saksbehandling i Giske kommune 2023-2027

Dokumentet Reglementet for søknad om fritak frå politiske verv:

Sekretariatet si vurdering er at denne er dekkande slik den står, og det er ikkje noko særskilt her som gjeld for kontrollutvalet.

Delegeringsreglementet:

Når en går inn i det digitale delegeringsreglementet og finn kontrollutvalet, så ligg følgjande introduksjonstekst: Utvalet skal føre eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret. Utvalet har ikkje mynde til å avgjere enkeltsaker.

Sekretariatet vil forelå at ein nyttar same formulering her som departementet gjer i sin rettleiar Kontrollutvalsboka. Og tilsyn er det Statsforvaltaren/andre tilsynsmynde som fører, kontrollutvalet fører kontroll.

Forslag til ny tekst: *Kontrollutvalet skal føre løpande kontroll med den kommunale forvaltninga på vegner av kommunestyret. Utvalet har ikkje noko mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga.*

Dokumentet Reglementet organisering og saksbehandling for folkevalde og andre kommunale organ:

Til dette reglementet vel kontrollutvalsekretæren å kommentere dei punkta som vedkjem kontrollutvalet sitt mynde eller der kontrollutvalet bør omtalast. Endringane som vert tilrådd er lagt inn i det vedlagte dokumentet, og merka der med gult.

1.1.Giske kommunestyre

Val og samasetjing, første avsnitt:

Her er kontrollutvalet ikkje nevnt. Det står ... ligg formannskapet og to hovedutval inndelt på bakgrunn av fagfelt.

Forslag til tillegg: *I tillegg kjem kontrollutvalet som er eit lovpålagt organ etter kommunelova § 23 -1.*

Førebuing av saker:

Forslag på tilleggssetning til slutt i andre avsnitt: *Med unntak av kontrollutvalet som har eit eige uavhengig sekretariat med tilsvarende ansvar for kontrollutvalet sine saker.*

Når det gjeld kontrollutvalet sine saker så rapporterer kontrollutvalet direkte til kommunestyret, utan at andre har tilrådingsrett. I dei fleste av kontrollutvalet sine saker har kommunedirektøren rett til å uttale seg før kontrollutvalet handsamar saka, men har ikkje innstillingssplikt eller -rett i sakene frå kontrollutvalet.

Forslag på tillegg til slutt i denne setningen: Dette gjeld likevel ikkje valsaker og liknande saker av rein politisk karakter, *og i saker der kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret.*

Tilrådingsrett/uttalerett

Her er alle råd og utval lista opp. Det at kontrollutvalet vert nevnt her på lik linje med andre utval, kan kanskje misoppfattast.

Det er kun kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet å gje uttale/handsame saker ut over det som er heimla i kommunelova kap. 23. All saksførebuing til kontrollutvalet er det kontrollutvalet sitt uavhengige sekretariat som står for. Kommunedirektøren eller andre i adminstrasjonen kan ikkje vere saksførebuar til saker som skal fremjast i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet kan handsame saker parallelt med andre organ, om kommunestyret bed dei

om det eller kontrollutvalet sjølve vurderer at dei vil gjere det. Kontrollutvalet gjev alltid si tilråding/uttale direkte til kommunestyret, uavhengig av handsaming i andre organ. Forslaget er dermed at kontrollutvalet *ikkje vert lista opp her*, fordi det er irrelevant.

1.2. Hovudutvalsmodell

Kontrollutvalet er det einaste utvalet som skal velgjast på det konstituerande møtet, og velgjast som første utval etter at formannskap, ordførar og varaordførar er valgt. Jf. Kommunelova § 7-1 tredje ledd. Kontrollutvalet skal tre i funksjon frå det konstituerande møtet.

Derfor er det naturleg at kontrollutvalet vert omtala etter formannskapet og sekretariatet føresler at punkt 1.3.1 vert flytta og kjem som nytt punkt 1.2.2. etter omtalen av formannskap. Dette endrar nummereringa av dei andre organa som er lista opp under punktet 1.3.

Samansetjing:

Slik teksten her står så ser det ut som at det skal veljast personlege varamedlemmer. Departementet har uttalt at varamedlemmer skal velgjast i rekkefølgje.

Forslag til ny tekst:

Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet. Utvalet skal ha fem medlemmer. Minst eit medlem skal veljast mellom kommunestyret sine medlemmer.

Kommunelova er tydeleg på at leiar ikkje kan ver frå same gruppe som ordførar. I denne samanheng er gruppe avgrensa til parti/bygdeliste.

Forslag ny tekst: *Kommunestyret vel leiar og nestleiar mellom utvalet sine medlemmar. Leiar kan ikkje vere medlem av same gruppe som ordførar. (i denne samanheng er gruppe avgrensa til parti/bygdeliste)* Kommunelova § 23-1 andre ledd.

At medlemmane i utvalet vert valde for 4 år, treng ikkje stå. Det kjem tydeleg fram i kommunelova at dette utvalet skal veljast på det konstituerande møtet.

Kommunestyret kan når som helst velgje nytt kontrollutval, og då må heile utvalet velgjast på nytt. Men dersom kommunestyret innvilgar fritak for eit medlem, treng ein ikkje det.

Derfor forslag til ny tekst: *Kommunestyret kan når som helst gjennomføre nyval av medlemmene i kontrollutvalet. Ved utskifting av eit eller fleire medlemmer av utvalet, skal det gjennomførast nyval av alle medlemmene.*

Dersom eit medlem trer varig ut på grunn av flytting eller fritak frå vervet, vel kommunestyret nytt medlem frå den same gruppa som den som trer ut. Krav om at minst eit medlem set i kommunestyret og rett kjønnsfordeling må takast omsyn til.

Ansvarsområde

Her vil kontrollutvalsekretären forslå at ein nyttar same formuleringar som ein finn i departementet sin rettleiar Kontrollutvals boka.

Forslag til ny tekst:

Kontrollutvalet sitt ansvarsområde går fram av kommunelova kapittel 23 og forskrift for kontrollutvalg og revisjon. Kontrollutvalet har ikkje noko mynde til å fatte vedtak som bind forvaltinga, og utvalet kan heller ikkje overprøve politiske prioriteringar som er gjort av folkevalde organ.

Forslag ny tekst siste avsnitt:

Andre oppgåver er m.a. å bestille og følgje opp forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Forvaltningsrevisjon er å undersøke om verksemder og kommunale selskap forvaltar ressursane effektivt, i tråd med vedtekne mål og etterlever lov, forskrift og regelverk. Eigarskapskontroll er eit verkemiddel for å sikre at selskapa kommunen har eigarinteresser i, er under demokratisk styring og kontroll.

Møta i utvalet:

Kven som har møt og talerett i kontrollutvalet er ulikt alle andre politiske organ. Derfor bør det omtalast i reglementet her.

Forslag til nytt andre avsnitt:

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, men ikkje forslagsrett. Kommunedirektøren har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, men møter når utvalet ber om det.

Og denne setninga vert foreslått fjerna, fordi den har liten relevans. "Ellers gjeld det som står under møte i teknisk-/ livsløpsutval".

Politisk sekretariat

Her vil kontrollutvalsekretariatet foreslå at overskrifta vert Sekretariat for kontrollutvalet. Kommunestyret har plikt til å sørge for sekretariatsbistand til kontrollutvalet. Det er eit krav at sekretariatet skal være uavhengig i høve både adminstrasjonen og revisjonen.

Forslag ny tekst: *Kontrollutvalet skal ha eit sekretariat som er uavhengig i høve både adminstrasjonen og revisjonen. Kommunestyret har vedtak på at Sunnmøre kontrollutvalskretariat IKS skal vareta denne oppgåva.*

1.3.Lovpålagde kommunale organ

Kontrollutvalet er eit særorgan som er lov pålagt utval etter kommunelova § 23, og ikkje §5-2. Sjå derfor forslaget over om å flytte dette, og opprette eit nytt punkt 1.2.2.

Vedlegg

Forslag til endringer markert - Politisk organisering og saksbehandling

Med endringer - Politisk organisering og saksbehandling i Giske kommune 2023-2027

Lenkje til delegeringsreglement Giske

Oversending av sak frå kommunestyret til Giske kontrollutval

Reglement - søknad om politisk fritak

Politisk organisering og saksbehandling i Giske kommune 2023-2027.docx

Saksframlegg kommunestyret - Delegeringsreglement i Giske kommune

Saksframlegg kommunestyret - Reglementsamling for folkevalde organ 2024-2027



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 25/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Førespurnad - klage på sakshandsaming av avslag ferdigattest Giske kommune

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek førespurnaden til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Sekretariatet mottok 05.08.2025 ein førespurnad frå Sunnmøre Eigedom ANS. Denne vart motteke av Giske kommune 28.05.2025, og avsendar ber om at den også vert sendt over til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet bør merke seg at vidaresendinga ikkje vart gjort utan ugrunna opphald, men at dokumenta vart lagt til ein sakshandsamar uten at det vart sendt noko til kontrollutvalet før etter to og ein halv månad.

Vi kan ikkje forvente at innbyggjarar og andre kjenner til at kontrollutvalet har eit eige sekretariat. Her må vi ha tillit til at kommuneadministrasjonen hjelper til og sender vidare innkomen post til kontrollutvalet, utan ugrunna opphald.

Vurdering:

Det er utanfor kontrollutvalet sitt mynde å gå inn i enkeltsaker eller klager frå innbyggjarar eller andre. Dette har avsendar fått informasjon om, og han har sendt attende ei presisering av kva han ynskjer at kontrollutvalet skal sjå på. Som vi kan lese av førespurnaden og den oppfølgande presiseringa, så er det først og fremst Giske kommune si sakshandsaming og dokumenthandtering det vert stilt spørsmål ved.

Innsendar er kritisk til om Giske kommune følgjer god forvaltingsskikk i si sakshandsaming, og om kommunen sine internkontrollrutiner er gode nok på dette området.

Kontrolutvalet har i førre periode og i perioden før, fått orienteringar om dokumenthandtering og openheit/innsyn. Kontrollutvalet har tidlegare, etter desse orienteringane, ikkje prioritert kontrollhandlingar spesifikt på desse områda.

Kontrollutvalsekretæren vil ikke råde kontrollutvalet til å gå inn i denne konkrete saka. Trafikklysmodellen som verktøy, er nyttig når utvalet skal ta stilling til det. Utvalet kan vurdere om informasjonen som her kjem fram, skal føre til ei kontrollhandling på systemnivå. Kva type kontrollhandling som er formålstenleg, og som utvalet har ressursar til no eller seinare, bør drøftast i møtet. Utvalet bør legge til grunn ei vurdering av risiko- og vesentlegheit opp mot andre oppgåver kontrollutvalet skal utføre.

Vedlegg

Klage på kommunen sine rutiner rundt avslag på ferdigattest

Vedlegg - Klage frå ansvarleg søker datert 28.05.2025

Vedlegg - Tidslinje frå ansvarleg søker - oversikt dokument

Vedlegg - E-post dialog mellom klagar - kommune

Vedlegg - Brev frå kommunen datert 07.05.2025 - om funn av dokument i arkivsak

Vedlegg - Innsynsførespurnad frå klagar datert 30.12.2024

Vedlegg - Avslag på ferdigattest - datert 03.10.2023

Oversendingsbrev frå kommunen til kontrollutvalsekretariatet 05.08.2025

Oppfølging - Klage på sakshandsaming av avslag ferdigattest - førespurnad til Giske kontrollutval

Trafikklysmodellen for vurdering av førespurnader



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 26/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Budsjettramme kontrollarbeidet 2026 Giske kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Giske kontrollutval sitt samla budsjettframlegg for kontrollarbeidet 2026 i Giske kommune er på **kr 1 670 000** fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid (inkl. møtegodtgjersle) kr 192 000
- Sekretariatstenester (eigardel) kr 438 000
- Rekneskapsrevisjon kr 670 000
- Forvaltningsrevisjon kr 370 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2026 for Giske kommune.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet skal utarbeide eit framlegg til budsjett for kontrollarbeidet.

I uttrykket kontrollarbeid inngår utgifter til:

- kontrollutvalet sin eigen aktivitet
- sekretariatstenesta for kontrollutvalet
- alle revisjonstenester som er lovpålagte eller som vert bestilt av kontrollutvalet på vegne av kommunestyret

Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg for kontrollarbeidet skal uendra følgje budsjettsaka, frå behandling i formannskapet til vedtak i kommunestyret.

Kommunelova er tydeleg på at det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått.

Denne prosessen sikrar at kontrollutvalet si uavhengigkeit vert oppretthaldden, og at utvalet sitt budsjettframlegg ikkje vert endra eller påverka av kommunedirektør eller formannskap.

Giske kommune er medeigar i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS) og kommunestyret har valt dette selskapet som sekretariat for kontrollutvalet. Det er representantskapet for SKS IKS som vedtek eigarskapsdelen for kvar enkelt eigarkommune.

Kommunestyret har valt eigenrevisjon som revisjonsordning og Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) som revisor. MRR fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå medgått tid, og med fastsette timesatsar som revisionsselskapet sitt årsmøte vedtek. Giske kommune er medlem i samvirkeføretaket.

Revisjonstenestene omfattar rekneskapsrevisjon og andre kontrollhandlingar som er fastsett i lov eller med heimel i lov. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroll i samsvar med dei planar som kommunestyret har vedteke. Utvalet kan bestille andre kontrollhandlingar som t.d. undersøkingar at avgrensa områder/tema. Og kommunestyret kan be kontrollutvalet om å utføre andre kontrolloppdrag.

Vurdering:

Revisjonstenester

Sekretariatet har motteke eit budsjettgrunnlag frå MRR, på dei tenestene som revisjonen skal levere. Dette byggjer på erfaringstal frå tidlegare år og på bakgrunn av årsmøtet sine vedtekne satsar for selskapet

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken påverka av kor godt kvalitetssikra årsrekneskapen er frå kommunen si side når den vert levert til fristen 22. februar. Og kor godt kommunen følgjer opp dei innspel revisor gjev gjennom revisjonsarbeidet. Det same gjeld den lovpålagte årsmeldinga (årsberetninga) som skal leverast innan 30. mars.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll utfører revisor på bestilling frå kontrollutvalet, i samsvar med vedteken Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for eigarskapskontroll. Det er her kontrollutvalet har sitt handlingsrom frå dei bestiller sine kontrollhandlingar.

Kommunestyret kan vedta å be kontrollutvalet bestille andre kontrollhandlingar men då må det følgje med ekstra midlar frå kommunestyret.

Med dette som utgangspunkt er det lagt til grunn ei samla budsjetttramme på kr 1 040 000 for revisjonsarbeid i Giske kommune.

Sekretariatsteneste

Giske kommunestyre nyttar Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS) som sekretariat for kontrollutvalet. Det er representantskapet (eigarmøtet) i selskapet som fastset eigardelane. Dette vert gjort på eigarmøtet i oktober. Den eigardelen som vert lagt til grunn i dette budsjettframlegget, er difor dagleg leiar sitt framlegg til styret.
Eigardelen i SKS IKS for Giske kommune 2026 er sett til kr 438 000.

Kontrollutvalet sitt eige arbeid:

Talet møter for kontrollutvalet byggjer på erfaringar frå tidlegare år, og dei siste åra har det vore fem møter.

Satsane for møtegodtgjersle er heimla i Giske kommune sitt reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår med tilhøyrande forskrift.

Kvaliteten på kontrollarbeidet vert påverka av om kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert på det som rører seg nasjonalt i kontrollfaget. Det å delta i samlingar med andre kontrollutval lokalt og nasjonalt, er særstakt nyttig med tanke på kompetansebygging og erfaringsutveksling.

Kontrollutvalet får tilgang til nasjonale faglege ressursar gjennom medlemskap og informasjon frå dei to kompetanseorganisasjonane for kontroll og tilsynsarbeid; NKRF - kontroll og revisjon, og FKT - Forum for kontroll og tilsyn.

Samla budsjett for kontrollutvalet sitt eige arbeid (godtgjersle og andre utgifter) vert sett til kr 192 000

Kontrollutvalet sitt eige arbeid	Kr 192 000
Sekretariatstenester SKS IKS (eigardel)	Kr 438 000
Rekneskapsrevisjon MRR, etter § 24	Kr 670 000
Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll MRR, etter §§ 23-3 og 23-4	Kr 370 000
Samla budsjettramme kontrollarbeidet Giske	Kr 1 670 000

Heimelsgrunnlag:

Kommunelova § 14-3 tredje ledd

Kommunelova § 23

Kommunelova § 24

Forskrift om kontrollutval og revisjon § 2

Kommunal og distriktsdepartementet sin rettleiar Kontrollutvalsboka

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 27/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

- | | |
|-------|---|
| 12/25 | Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn |
| 13/25 | Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalsleiarar Møre og Romsdal |
| 14/25 | Eigarmøter i selskap |



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 12/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Fagkonferanse og årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Leiar i kontrollutvalet Kåre Sæter, deltok på Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse 2025 den 3.-4. juni og representerte Giske på årsmøtet 3. juni.

Vedlegg

Protokoll årsmøte 2026 Forum for kontroll og tilsyn



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 13/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Oppsummering frå samling 25.08.2025 kontrollutvalsleiarar Møre og Romsdal

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Vedlagt er ei oppsummering frå ei samling for alle kontrollutvalsleiarar i Møre og Romsdal.

Vedlegg

Oppsummering fagdag kontrollutvalsleiarar 25.08.2025



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 14/25	Giske kontrollutval	18.09.2025

Eigarmøter i selskap

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet skal halde seg informert om dei selskapa som Giske kommune har eigarinteresser i.

Det er nyttig for kontrollutvalet å vere kjent med eigarmøter/årsmøter i desse selskapa, og skal difor få varsel om kor tid slike møter vert haldne.

Vedlagt er dei varsel om dato, innkallingar og protokollar som kontrollutvalsrådgivaren er kjent med når saka vert skreven.

Vedlegg

Varsel om eigarmøte 21.10.2025 Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

Varsel om innkalling til generalforsamling 01.07.2025 - Gjøsund Utvikling AS

Sakliste Generalforsamling 01.07.2025 Gjøsund Utvikling AS

Innkalling - Generalforsamling 16.06.2025 - Giske Legesenter AS